



**FAGFORBUNDET**

## **Årsmelding 2024 for**

**Fagforbundet Voss avd.219**

**Handsama av årsmøtet den 28.januar 2025**

### **Sakliste**

1. Godkjenning av kunngjering, innkalling og sakliste
2. Konstituering
  - val av møteleiar
  - val av referent
  - val av 2 protokollunderskrivarar
3. Årsmelding 2024
4. Rekneskap 2024
5. Innkomne framlegg
  - 5.1 Disponering av overskot/underskot 2024
  - 5.2 Avlønning av organisatoriske frikjøpte
  - 5.3 Styrehonorar for 2025
6. Handlingsplan 2025
7. Budsjett 2025
8. Val

Innleiing .....	3
Styret har i perioden hatt fylgjande samansetning: .....	3
Representantar til fylkeskrinsen sitt representantskap og fylkesmøte .....	4
Representantar til LO lokalt, LO i Bergen og omland .....	5
Valnemnda i Fagforbundet Voss .....	5
Revisorar .....	5
Kontorforhold .....	5
Tilsette .....	5
Økonomi .....	5
Andre eigendelar .....	6
Framstilling av fagforeininga sine organisasjonsområde - medlemmer og tillitsvalde fordelt på tariffområde .....	6
Medlemer utan tariffavtale .....	6
Fagforeininga si klubborganisering hjå ulike arbeidsgjevarar .....	6
Koordineringsledd .....	7
Medlemsutvikling .....	8
Møteverksemd .....	8
Aktivitet i dei ulike utvala .....	9
Ungdomsutvalet .....	9
Pensjonistutvalet .....	9
Seksjonsstyret for yrkesseksjon helse og sosial .....	9
Seksjonsstyret for yrkesseksjon kontor og administrasjon .....	10
Seksjonsstyret for yrkesseksjon samferdsel og teknisk .....	10
Seksjonsstyret for yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst .....	10
Arbeidsutvalet .....	10
Fagforeininga sine aktivitetar og utfordringar på kort og lang sikt .....	10
Målsettingar og planar i perioden .....	10
Heiltid, likelønn og kampen mot auka forskjellar .....	10
Gode offentlege tenester med eigne tilsette .....	11
Organisasjonsbygging og tariffmakt .....	12
Fag-og tenesteutvikling .....	13
Alliansebygging, myndigheitskontakt og fagleg-politisk påverknad .....	14
Digitalisering .....	15
Representasjon .....	15
Fylkeskrinsen .....	15
Andre utval .....	16
Kurs og konferansar .....	16
Fagforeininga og bruk av organisatorisk frikjøp/ «spleiselag» .....	16

## Innleiing

2024 vart ikkje slik me hadde håpa på. Arbeidet i fagforeininga har vore prega av at fleire har vore langtidssjukemeldte. Det har difor vore vanskeleg å få gjennomført alle tiltaka i handlingsplanen vår. Hovudtillitsvalde har jobba med saker som intervjuprosessar, omstilling, prosjektarbeid, enkeltsaker, drøftingar og forhandlingar. I løpet av året har Fagforbundet stilt opp og vore medarrangør på aksjonar for Palestina i form av deltaking, appell og høgtalaranlegg. Nytt av året har vore at me har laga nyhendebrief og sendt ut til medlemar og lagt på heimesida vår.

## Styret har i perioden hatt fylgjande samansetning:

<b>Fagforeiningsstyret</b>	<b>Namn</b>	<b>Organisatorisk frikjøp og frikjøpsprosent</b>	<b>Honorar i kr</b>	<b>Ansvarsområde etter vedtektene og retningslinjene</b>
Leiar	Olaug Kyte	20%	10 000,-	Dagleg leiing og ansvar for drift, overordna økonomiansvar, spesielt ansvar for å sikra rutiner og planar for alle arbeidsområde.
Nestleiar	Frøydis Hole	-	6 000,-	Vara for leiar, spesielt ansvar for verve- og informasjonsverksemd.
Opplærings-ansvarleg	Kirsten Øvrebø	-	4 000,-	Ansvar for å leggja til rette for å gjennomføra organisatorisk opplæring.
Kasserar	Mehdi Kharazmi	Bet for arbeid pr/time	7 000,-	Ansvar for økonomi- og rekneskapsarbeid.
Leiar yrkesseksjon helse og sosial	Hilde Knapstad Tveite	-	3 500,-	Ansvar for at medlemene får yrkesfaglege tilbod og oppfylgning jf § 11.8.2. i vedtektene.
Leiar yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst	Inge Skrede	-	3 500,-	Ansvar for at medlemene får yrkesfaglege tilbod og oppfylgning jf § 11.8.2. i vedtektene
Leiar yrkesseksjon samferdsel og teknisk	-----	-	3 500,-	Ansvar for at medlemene får yrkesfaglege tilbod og oppfylgning jf § 11.8.2. i vedtektene
Leiar yrkesseksjon kontor og administrasjon	Ann Karin Atterås	-	3 500,-	Ansvar for at medlemene får yrkesfaglege tilbod og oppfylgning jf § 11.8.2. i vedtektene
Ungdomstillitsvald	Stine Eskelund	-	3500,-	Ansvar for å verva, aktivisera og behalda lærlingar, elevar, studentar og unge arbeidstakarar.
Pensjoniststillitsvald	Ingunn Åse	-	3 500,-	Ansvar for å leggja til rette for at alders- og uførepensjonistane kan delta i fagforeininga sitt arbeid.
Skrivar	Tone-Lucia Andreassen	-	6 000,-	Ansvar for skrivning av protokoll og referat etter styremøter, medlemsmøter og årsmøte.

Fane 2-ansvarleg	Olaug Kyte	20%	-	Ansvar for vedlikehald og oppdatering av medlemsregister. Trekklistebehandling. Senda ut medlemslister til tillitsvalde etter behov.
Styremedlem	Theresa Wallevik	-	2 500,-	
Vararepresentant yrkesseksjon helse og sosial	-----	-		Vara for yrkesseksjonsleiar.
Vararepresentant yrkesseksjon samferdsel og teknisk	-----	-		Vara for yrkesseksjonsleiar
Vararepresentant yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst	Tove Haukås Fosse	-	2 500,-	Vara for yrkesseksjonsleiar
Vararepresentant kontor og administrasjon	Rasmus Vabø Langeland	-	2500,-	Vara for yrkesseksjonsleiar
Vara ungdomstillitsvald	Amalie Væhle Våga	-	2500,-	Vara for ungdomstillitsvald.
Vara pensjonistillitsvald	Anne Berit Hirth	-	2 500,-	Vara for pensjonistillitsvald

### Hovudtillitsvald-frikjøp i fagforeininga i 2024:

Verv	Namn	Frikjøpsprosent	Tariffavtale
HTV	Theresa Wallevik	100%	KS
HTV	Olaug Kyte, SM frå okt	60%	KS
HTV	Inge Skrede	20% + 20% ekstra	KS
HTV	Hilde Knapstad Tveite f.o.m. medio okt	40%	KS

### Representantar til fylkeskrinsen sine representantskap/regionmøte

Til Fagforbundet Vestland sitt representantskap/regionmøte har fagforeininga hatt fylgjande representantar i rekkjefylgje:

Leiar: Olaug Kyte, nestleiar: Frøydis Hole, opplæringsansvarleg: Kirsten Øvrebø, ungdomstillitsvald: Stine Eskelund.

Vararepresentantar i rekkjefylgje: Mehdi Kharazmi, Theresa Wallevik, Tove Haukås Fosse, Ann Karin Atterås.

## Representantar til LO lokalt, LO i Bergen og omland

Olaug Kyte, Kirsten Øvrebø

### Valnemnda i Fagforbundet Voss

Valnemnda i høve vedtektene har vore:

Leiar	Kirsten Øvrebø
Representant for yrkesseksjon Helse og sosial	Trond Lindstad
Representant for yrkesseksjon Samferdsel og teknisk og pensjonistrepresentant	Ingunn Åse
Representant for yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst	Winnie Kvåle
Representant for yrkesseksjon kontor og administrasjon	May Hildegunn Almeland Tveit

### Revisorar

Til å revidere fagforeininga sitt rekneskap, har det vore fylgjande revisorar og vara:

1: Gerd Karin Stalheim

2: Liv Saue Herheim

Vara: Håkon Grimestad

### Kontorforhold

Fagforbundet Voss sit i eige lokale i Voss forretningsbygg. Me leiger ut to kontor til Utdanningsforbundet Voss, og Voss Arbeidarparti leiger møterom og lagerplass. Møterommet vert også leigd ut til andre lag og organisasjonar som ynskjer det, men det er meir sporadisk.

Viser elles til eiga inventarliste.

### Tilsette

Fagforeininga har ikkje eigne tilsette.

### Økonomi

Fagforeininga har gjennom fleire år, spesielt under pandemien, opparbeid ein god buffer til når ein må gjera noko med lokalet vårt. Lokalet er gammalt og mykje er slite, så det vil om relativt kort tid vera behov for oppussing/oppgradering.

Bankinnskot 31.12.2023	Bankinnskot 31.12.2024	Eigenkapital 31.12.2023	Eigenkapital 31.12.2024	Verdi av fast eigedom
967 065,05	1 283 909,65	1 809 124,26	2 724 165,65	1 440 256,00

Når det gjeld budsjett og rekneskap viser me til eiga sak i årsmøtet.

## Andre eigendelar

Likningsverdi av fast eigedom	
Aksjar Voss Forretningsbygg (kontorlokale)	kr.1 200 000,-
Fast bygningsinventar (ventilasjonsanlegg)	kr. 164 200,-
Fane	kr. 76 056,-

I tillegg har me 1 aksje i Palestinabutikken Handala i Bergen.  
Viser elles til eiga inventarliste.

## Framstilling av fagforeininga sine organisasjonsområde- medlemmer og tillitsvalde fordelt på tariffområde

Fagforeininga har per 31.12.2024 yrkesaktive medlemmer innanfor fylgjande tariffområde:

Tariffområde	Tal medlemmer
KS	650
KS-bedrift (samfunnsbedriftene)	8
Spekter helse	51
PBL	30
Virke	13
KA	4
FUS AS (Trygge barnehager)	3
Staten	1
Uorganisert arbeidsgiver – med inngått direkteavtale (733)	1
Uorganisert arbeidsgiver – med inngått direkteavtale (735)	5

## Medlemer utan tariffavtale

Fagforeininga har per 31.12.2024 3 medlemmer utan tariffavtale.

## Fagforeininga si klubborganisering hjå ulike arbeidsgjevarar (jf vedtektene § 11.7)

Arbeidsgjevar	Tariffområde	Navn på klubleiar (tillitsvald etter hovudavtalen)	Klub b-styre (JA/NEI)	Hvis NEI, hva er grunnen til dette?
Bordalen barnehage	PBL		Nei	Ikkje grunnlag for det
Helse Bergen HF	Spekter		Nei	Prioritert å få PTV først
JAG Assistanse AS	Virke 007		Nei	Prioritert å få PTV først

Læringsverkstedet	PBL	Tove H. Fosse	Nei	Ikkje vore jobba med
Mønshaugen bhg	PBL		Nei ★	Ikkje grunnlag for det
Ole Bull Akademiet	Standard-overenskomst		Nei	Prioritert å få PTV, elles ikkje grunnlag for det
Regnbogen natur- og kulturbarnehage	PBL		Nei	Prioritert å få PTV først
Skulestad bhg SA	PBL	Anita Saue Gregersen	Nei	Ikkje vore jobba med
Stiftelsen Crux	Virke 003		Nei	Prioritert å få PTV, elles ikkje grunnlag for det
Stiftinga Voss barneheim	KS 100		Nei	Prioritert å få PTV, elles ikkje grunnlag for det
Stortinget	Stat 200		Nei ★	Ikkje grunnlag for det
Sundve FUS barnehage AS	Trygg 001		Nei	Prioritert å få PTV først
Vestland fylkeskommune	KS 300	Tom Jæger Eriksen	Nei	Ikkje vore jobba med
Vestlandsrevisjon IKS	KS 1701		Nei ★	Ikkje grunnlag for det
Voss DPS NKS Bjørkeli AS	Virke 004	Jan Helge Hjørnevik	Nei	Ikkje vore jobba med
Voss herad	KS 300	Theresa Wallevik	Ja	Har jobba med å få klubbstyre på fleire arbeidsplassar i heradet
Voss kyrkjelege fellesråd	KA 027		Nei ★	Ikkje grunnlag for det
Voss parkering AS	Standard-overenskomst		Nei ★	Ikkje grunnlag for det
Cest AS Sæthre legekantor	500-trekker utan avtale		Nei	Ikkje vore jobba med
Vossabadet KF	500-trekker utan avtale		Nei ★	Ikkje grunnlag for det

★ I dei fleste av tilfella der det står «Ikkje grunnlag for det», er det fordi det er for få medlemmer der.

## Koordineringsledd

Leiar i fagforeininga deltek i koordineringsledd som representant for dei tilsette hjå fylgjande arbeidsgjevarar;

- Vestland fylkeskommune
- Helse Bergen HF
- Læringsverkstedet

## Medlemsutvikling

Fagforeininga sitt vervemål:		Fagforeininga sitt vervemål for yrkesaktive:			
Vervemål totalt:	Oppnådd mål:	Vervemål yrkesaktiv:	Oppnådd mål:		
85	77	-	-		
Medlemstal totalt:		Yrkesaktive totalt:			
01.01.24	31.12.24	01.01.24	31.12.24		
1352	1335	764	746		
Tal yrkesaktive medlemmer under 30 år:		Tal pensjonist- og uføremedlemmer			
01.01.24	31.12.24	01.01.24	31.12.24		
85	84	521	498		
Studentar:		Lærlingar:		Elevar:	
01.01.24	31.12.24	01.01.24	31.12.24	01.01.24	31.12.24
15	13	15	18	32	30
Tal yrkesaktive medlemmer KS			Tal yrkesaktive medlemmer Spekter		
01.01.24	31.12.24	01.01.24	31.12.24	01.01.24	31.12.24
662	635	49	51		
Fagforeininga sine vervemål for lokale satsingsområde					
01.01.24	31.12.24				
-	-	-	-	-	-

Hovudtillitsvalde har vore med på ein del klubbmøter ute på arbeidsplassar, og me har gjennomført arbeidsplassbesøk på Voss sjukehus saman med yrkesseksjon helse og sosial på fylket.

Medlemmer som ynskjer å melda seg ut vert kontakta av Fane2-ansvarleg.

## Møteverksemd

Årsmøtet vart halde 30.01.24 på Park hotel og handsama følgjande saker:

- Godkjenning av kunngjering og innkalling
- Konstituering
- Årsmelding
- Rekneskap
- Innkomne framlegg
- Handlingsplan
- Budsjett
- Val



Det er halde 1 valmøte med val av hovudtillitsvald, der Hilde Knapstad Tveite vart vald ved akklamasjon, i tillegg hadde me eit ope møte med Bjørn Kristian Rudaa i oktober. Det er halde 12 styremøte, og styret har handsama 84 saker.

### Andre møte/sosiale aktivitetar i fagforeininga si regi:

I starten av mars gjennomførte styret eit seminar i Bergen med tema: styrearbeid, klubbarbeid og yrkesseksjonsarbeid.

24.oktober hadde me invitert medlemmer, tillitsvalde, politikarar og administrasjonen i Voss herad til eit økonomiseminar med Bjørn Kristian Rudaa frå Omstillingsenheten i Fagforbundet. Rudaa snakka om Voss herad sin økonomi og korleis skapa balanse. Rudaa la fram ein økonomisk analyse basert på tal frå Voss herad sine rekneskap, rapportar og økonomiplan. Han presenterte ein grundig og interessant gjennomgang, som engasjerte tilhøyrarane, og skapte diskusjon.

### Aktivitet i dei ulike utvala

**Pensjonist- og uføreutvalet** er dei som har vore mest aktive dette året òg.

Dei har hatt 6 styremøter. Leiar Ingunn Åse har vore på leiarsamling for pensjonistar og uføre i Fagforbundet Vestland 14.-15.november. Utvalet sender ut sms til medlemmane om tur og jolamøte for påmelding. 30.mai gjekk turen til Stalheim Hotel i buss frå Skyss. 28 medlemmer hadde meldt seg på og fekk koldtbord og omvising på musèet. Fagforbundet Voss sponsa bussen.

20.november var det jolamøte på Malin. 58 medlemmer hadde meldt seg på og fekk ein nydeleg jolatalerken. Ida Løddøen og Tonje Tvilde, advokatar frå Responsa, informerte om framtidsfullmakt. Inge Skrede stilte med høgtalaranlegg frå kontoret og Olaug Kyte stilte med reflekselar til medlemene. Takk!

**Yrkesseksjon Kyrkje, Kultur og Oppvekst**, ved yrkesseksjonsleiar Inge Skrede, vara Tove Haukås Fosse og styremedlem Nina Pedersen har hatt 1 styremøte, 18.april 2024.

Der gjekk vi gjennom og diskuterte ein tiltaksplan som yrkesseksjonsleiar fullførte og som vart levert styret på styremøtet 6. mai. 2024.

Yrkesseksjonsleiar har og delt alt av Nyheitsbrev, info, skriv, kurs og og invitasjonar som har kome frå yrkesseksjonsleiar Vestland og sentralt, til yrkesaktive medlemmer i seksjonen, via tillitsvalgtettet.

**Ungdomsutvalet** Utvalet si samansetning:

Ungdomstillitsvald: Stine Eskelund

Vara ungdomstillitsvald: Amalie Væhle Våga

**Pensjonistutvalet** Utvalet si samansetning:

Pensjonisttillitsvald: Ingunn Åse

Varapensjonisttillitsvald: Anne Berit Hirth

Medlem: Aud Johanne Gangdal

**Seksjonsstyret for yrkesseksjon helse og sosial** Utvalet si samansetning:

Yrkesseksjonsleiar: Hilde Knapstad Tveite

Vara yrkesseksjonsleiar: Karen Marie Stalheim Dahl (til mars-24)

Medlem: May Lisbeth Berg Knutsen  
Medlem: Trond Lindstad

### **Seksjonsstyret for yrkesseksjon kontor og administrasjon** Utvalet si samansetning:

Yrkesseksjonsleiar: Ann Karin Atterås  
Vara yrkesseksjonsleiar: Rasmus Vabø Langeland

### **Seksjonsstyret for yrkesseksjon samferdsel og teknisk** Utvalet si samansetning:

Yrkesseksjonsleiar: -----  
Vara yrkesseksjonsleiar: -----

### **Seksjonsstyret for yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst** Utvalet si samansetning:

Yrkesseksjonsleiar: Inge Skrede  
Vara yrkesseksjonsleiar: Tove Haukås Fosse  
Medlem: Nina Pedersen

### **AU – arbeidsutvalet** Har vore samansett slik:

Leiar: Olaug Kyte  
Nestleiar: Frøydis Hole  
Kasserar: Mehdi Kharazmi

Arbeidsutvalet har ikkje hatt møte i 2024.

## **Fagforeininga sine aktivitetar og utfordringar på kort og lang sikt**

Det å få plasstillitsvalde på alle arbeidsplassar er veldig viktig for å få organisasjonen til å fungera på best mogleg måte. Dette er eit stort satsingsområde i fagforeininga, saman med intern og ekstern opplæring av dei plasstillitsvalde. Me er endå ikkje i mål med å få tillitsvalde på alle arbeidsplassane, det er eit kontinuerleg arbeid.

## **Målsettingar og planar i perioden**

### **Heiltid, likelønn og kampen for mindre forskjellar**

**Tiltak:** Saman med klubbane skal fagforeininga jobba for at stillingar som hovudregel lysast ut som heile, faste stillingar.

**Fagforeininga si målsetjing:** Sjå til at plasstillitsvalde er med i diskusjonen om kva kompetanse ein treng på arbeidsplassen. Hovudtillitsvalde er med i utforminga av stillingslysingar, viser til endring i AML §14-1b, og fylgje opp denne overfor arbeidsgjevar.

*Dei fleste lysingar vert gjennomgått av HTV. Dei har hatt som rutine å spørja kvifor stillingar evt. er lyste som deltidsstillingar, og har fått desse endra til heile stillingar.*

**Tiltak:** Syta for at klubbane gjennomfører drøftingsmøte minst ein gong i året om bruk av deltid og utarbeiding av retningslinjer.

**Fagforeininga si målsetjing:** Gje god opplæring til tillitsvalde om kva rettar dei har etter hovudavtalen i sitt tariffområde. Yrkesseksjonane skal hjelpa til i dei enkelte tariffområda. Vise til endring i AML kap.14.

*HTV har hatt drøftingsmøte med arbeidsgjevar i KS, og brukt heiltid som argument for m.a. å redusera sjukefråvær og auka kvalitet i tenestene. Deltid er eit komplekst tema, og me har endå ein lang veg å gå før me kan seie oss nøgde.*

**Tiltak:** Syta for at klubbane fremjer krav etter arbeidsmiljølova kapittel 14 for alle som har rettmessige krav etter lovverket.

**Fagforeininga si målsetjing:** Bevisstgjera tilsette, tillitsvalde og arbeidsgjevar om rettar som tilsette har etter AML §14. Til dømes gjennom kampanjar på sosiale media, arbeidsplassbesøk, medlemsmøte, og samarbeidsmøte med arbeidsgjevar.

*HTV i KS arbeider med dette temaet kontinuerleg, og me har sett at fleire leiarar byrjar å gjere dette automatisk når dei ser at tilsette nærmar seg eit rettmessig krav. Likevel ser me at det er eit stykke veg igjen.*

**Tiltak:** Førebu tillitsvalde på å gjennomføra lokale forhandlingar med sikte på å oppnå likeløn og utjamna lønsforskjellar.

**Fagforeininga sine tiltak:** Syte for opplæring av forhandlingsutvalet og tillitsvalde lokalt med fokus på forhandlingar.

*HTV i KS har delteke på opplæring med Kompetansesenteret i Bergen.*

## **Gode offentlege tenester med eigne tilsette**

### **Tiltak**

Krevje drift med eigne tilsette framfor anbudsrundar for å sikra dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår.

**Fagforeininga si målsetjing:** Tillitsvalde skal i samarbeidsutval, drøftingsmøte og i andre relevante fora, fremja at offentlege tenester skal vera i kommunal regi og sikra tilsette sine løns- og arbeidsvilkår. Yrkesseksjonane skal vera med og arbeida fram gode argument for drift med eigne tilsette.

*Dette vart lite jobba med i 2024, men vert teke opp att i 2025 og då spesielt gjennom trepartssamarbeid.*

**Tiltak:** Kartleggja kva tenester som er konkurranseutsett, kva tenester som vert kjøpt inn og bruken av vikarbyrå for å krevja drift med eigne tilsette.

**Fagforeininga si målsetjing:** Nyttja "leverandør databasen" frå kommunal rapport og verktøy frå fylkeskrinsen til dette arbeidet. Få oversikt frå arbeidsgjevar når det gjeld bruk av vikarbyrå og kjøp av tenester.

*HTV har etterspurt informasjon frå arbeidsgjevar. Har ikkje fått totalinformasjon, men har fått frå deler av drifta.*

**Tiltak:** Formidla yrkesfagleg argumentasjon for å drifta offentlege tenester med egne tilsette, og sikra samarbeid mellom valde etter hovudavtalen og valde etter vedtektene.

**Fagforeininga si målsetjing:** Gjennomføra møte mellom yrkesseksjonane og HTV for å fremja samhandling og utveksla erfaringar. Dele informasjon om fagleg viktige argument på sosiale media.

*Yrkesseksjonane på fylket er gode på å senda ut informasjonsmateriell og kurstilbod som blir vidaresendt til medlemne. Facebook-sida og nettsida vert brukt til å fremja faglege saker.*

**Tiltak:** Motverke konkurranseutsetting og privatisering gjennom aktivt fagleg-politisk samarbeid.

**Fagforeininga si målsetjing:** Nytt politiske samarbeidsarenaer, t.d. politiske møter, politiske samarbeidsavtalar m.m., for å dele gode faglege argument for tenester i eigen regi.

Yrkesseksjonsleiarane er viktige medspelarar i dette arbeidet.

*Det fagleg-politiske arbeidet er veldig viktig i denne samanhengen. Me samarbeider godt med leiande politikarar i fleirtalskoalisjonen i heradet, og håpar at dette samarbeidet skal vera med og leggja til rette for godt trepartssamarbeid vidare.*

Bruka trepartssamarbeid for å bygga tillitsbasert styring og leiing.

**Fagforeininga si målsetjing:** Styrka dei tillitsvalde si deltaking i trepartssamarbeid i alle tariffområde. Lage korte innlegg på sosiale media som gjer informasjon om kva lov og avtaleverk seier om medverknad (til dømes: «Kva er trepartssamarbeid?»).

Lage ein pris som me kan dela ut til den arbeidsplassen me tykkjer har hatt særst godt partssamarbeid. Dei tillitsvalde kan nominera arbeidsplassen til prisen i løpet av året.

*Målet var å få ut informasjonen til arbeidsplassane om denne prisen før nyttår. Det har me grunna sjukdom ikkje fått til, men den vert sendt ut i månadsskiftet jan/febr.*

## **Organisasjonsbygging og tariffmakt**

### **Tiltak**

Kartlegga vervepotensiale på dei prioriterte områda for medlemsvekst, og styrka forbundet sin posisjon på arbeidsplassane.

**Fagforeininga si målsetjing:** Arbeidsplassbesøk i løpet av året. Me nyttar forbundsvekene til dette arbeidet. Involvera PTV i dette arbeidet. Nytt alternative metodar for å nå medlemmer som me ikkje kan nå på arbeidsplass; t.d. gjennom postutsending, digital kommunikasjon osv.

*Me har vore ute på nokre arbeidsplassar i 2024, fleire vil me ta utover 2025.*

*Me har vore på fleire klubbmøter og hatt gode samtalar med medlemne.*

**Tiltak:** Ta aktivt i bruk kompetansen i mangfaldsnettverket i tillitsvaldopplæring og i arbeidet med verving og inkludering av fleirkulturelle arbeidstakarar.

**Fagforeininga si målsetjing:** Medlemene og tillitsvalde skal representere alle deler av folkesetnaden når det gjeld alder, kjønn, nasjonalitet, språk, legning o.l.

*Dette er eit kontinuerleg arbeid, og me har endå ein veg å gå.*

**Tiltak:** Laga ein plan som systematiserer informasjonsarbeidet slik at me er meir synlege i media, på nett og i sosiale media.

**Fagforeininga si målsetjing:** Bruka media-gruppa som skal sjå på korleis ein best mogeleg skal spreia informasjon til medlemene i dei ulike yrkesseksjonane. Markera yrkesdagane og vera synlege på sosiale media.

*Styret har ei media-gruppe som arbeider med dette. Me er synlege på dei fleste sosiale media.*

**Tiltak:** Ta i bruk fagforbundet sine digitale verktøy, og syta for at klubbane og nyttar desse.

**Fagforeininga si målsetjing:** Få på plass og kursa klubbtiltalsvalde i KL\*AR. Få på plass og kursa styret i ORG365.

*ORG365 kom delvis på plass i slutten av 2024. KL\*AR vert rulla ut i løpet av våren 2025. It's learning vert nytta i tillitsvaldopplæringa.*

## **Fag- og tenesteutvikling**

**Tiltak:** Ta i bruk fagleg materiell og innhald med yrkesfagleg argumentasjon som bidreg til å styrka medlemene sine rammevilkår.

**Fagforeininga si målsetjing:** Gjennomføra møte vår og haust mellom tillitsvalde og yrkesseksjonane og etablera ein måte å samarbeida på.

*Dette fekk me ikkje gjennomført i 2024.*

**Tiltak:** Støtta klubbtiltalsvalde i arbeidet med kompetanseplanar og utviklinga av kompetansehevingstiltak.

**Fagforeininga si målsetjing:** Yrkesseksjonane skal bidra med faglege argument for dei ulike yrka.

*Dette er ikkje vorte arbeidd med i 2024.*

**Tiltak:** Arbeida for at medlemmene sine arbeidsplassar vert godkjent som lærebedrifter, og at det vert oppretta tilstrekkeleg tal læreplassar.

**Fagforeininga si målsetjing:** Saman med arbeidsgjevar og dei ulike arbeidsplassane leggja til rette for at medlemene kan ta yrkesfagleg utdanning.

Argumentera for auka satsing på rekruttering av fagarbeidarar.

*HTV har teke dette opp med arbeidsgjevar ved kvart einaste moglege høve, og passar på å halda temaet varmt. Det er og eit veldig aktuelt tema i arbeidet med kompetanse- og rekrutteringsplanar. Dette er vorte eit endå meir aktuelt tema i 2024, og me opplever at det er større fokus både på å rekruttera og utdanna fagarbeidarar.*

**Tiltak:** Nyttå det lokale partssamarbeidet for å sikra at medlemene sin kompetanse vert nytta når ein tek i bruk og utviklar klima- og miljøvenlege løysingar på arbeidsplassen

**Fagforeininga si målsetjing:** Bevisstgjera medlemene på å tenkja klima og miljø i alt ein gjer både i arbeid og fritid. Ta opp arbeidsplassane si haldning til klima og miljø på arbeidsplassbesøk, til dømes stilla spørsmål om kjeldesortering. Oppmuntra til samarbeid mellom plasstillitsvalde og verneombod på den einskilde arbeidsplassen for å tydeleggjera samanheng mellom HMS og miljø. Nyttå miljøvenleg offentleg transport på reiser i den grad dette er mogleg, i tråd med sentrale mål og retningslinjer.

*Me tenkjer alltid miljø når me kjøper inn materiell til arbeidsplassbesøk. I den grad det er mogleg nyttar me alltid miljøvennleg offentleg transport på reiser. På kontoret har me kjeldesortering.*

## **Alliansebygging, myndigheitskontakt og fagleg-politisk påverknad**

**Tiltak:** Arbeida kontinuerleg med fagleg-politisk arbeid og inngå samarbeidsavtalar. Etablera alliansar om felles politiske saker.

**Fagforeininga si målsetjing:** Inngå samarbeidsavtalar med fleire parti på venstresida.

*Me har oppretta kontakt med dei fleste partia på venstresida. Me har inngått ein samarbeidsavtale med Arbeidarpartiet, og jobbar vidare med dei andre partia utover våren.*

**Tiltak:** Etablera eit godt samarbeid med lokale parti i etterkant av kommunevalet for å sikra størst mogleg gjennomslag for Fagforbundet sine kjernesaker.

**Fagforeininga si målsetjing:** Kontakta parti på venstresida for å gje innspel på fagforbundet sine kjernesaker.

*Me har hatt noko kontakt med enkelte parti, og har gjeve innspel og høyringssvar i enkelte politiske saker.*

**Tiltak:** Påverka partiprogram for å sikra størst mogleg gjennomslag for Fagforbundet sin politikk.

**Fagforeininga si målsetjing:** Delta i ulike fora og arrangement og stilla spørsmål til politikarane om Fagforbundet sine kjernesaker.

**Tiltak:** Gjennomføra fagleg-politisk skulering for tillitsvalde.

**Fagforeininga si målsetjing:** Delta på fagleg-politiske kurs-tilbod.

*Dette har ikkje vore gjort i 2024.*

**Tiltak:** Møta medlemene gjennom arbeidsplassbesøk, medlemsmøter og bruk av sosiale media som gjev eit godt utgangspunkt for valkampen i 2025.

**Fagforeininga si målsetjing:** Gjennomføra arbeidsplassbesøk, også med politikarar. Bruka sosiale media til å oppmoda alle til å bruka stemmeretten sin.

## Digitalisering

**Tiltak:** Syta for at arbeidsgjevar gjev tilstrekkeleg opplæring i digitale verktøy, personvern og IT-sikkerheit.

**Fagforeininga si målsetjing:** Ha god dialog med arbeidsgjevar om opplæring og få tilbakemelding på kva som er gjennomført.

**Tiltak:** Syta for at arbeidsgjevar legg til rette for medverknad ved innkjøp av digitale løysningar.

**Fagforeininga si målsetjing:** Alle tillitsvalde blir informerte og involverte ved innkjøp av nye digitale løysingar.

*Hovudtillitsvald har vore involvert i nokon av prosessane.*

## Representasjon

Oversikt over kva verv fagforeininga har hatt medlemmer i:

### Nasjonalt

- Faggruppe: Brann, redning og forebyggende: Stig Rune Aarhus, medlem i faggruppa
- ICU-internasjonalt fagforeining for feiarar: Stig Rune Aarhus, medlem

### Fylkeskrinsen

- Fylkesstyret: Olaug Kyte, varamedlem
- Yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst; Inge Skrede, varamedlem
- Yrkesseksjon samferdsel og teknisk; Oddis Erga, styremedlem
- Valnemnd: Oddis Erga, yrkesseksjonen sin representant i nemnda
- Opplæringsutvalet: Kirsten Øvrebø, medlem

### Lokalt

- Voss frivilligsentral: Olaug Kyte, styremedlem (til vår-24)  
Kirsten Øvrebø, styremedlem (frå vår-24)
- Kveik: Kirsten Øvrebø, utsending
- Voss forretningsbygg: Kirsten Øvrebø, styremedlem (til 7.juli)  
Olaug Kyte, varamedlem (frå 7.juli)
- LO i Bergen og omland: Olaug Kyte og Kirsten Øvrebø, utsendingar
- Eldrerådet i Voss herad: Anna Louise Røthe Lekve

## Fagleg/politisk utval

Er samarbeidsavtalen mellom Fagforbundet og Arbeiderpartiet fylgt opp med lokal avtale og aktivitet? Er det inngått avtale med andre politiske parti?

Har fagforeininga samarbeidsavtale med AP?	Dersom ja, set inn ja	Dersom nei, beskriv kvifor ikkje	Kva skal til for å få dette til?
	ja		

Det har òg vore jobba opp mot andre parti i 2024 for å få på plass fleire samarbeidsavtalar, men me er ikkje i mål med desse endå. Dette arbeidet held fram i 2025.

## Andre utval

Samarbeidskomitè AP og LO i Bergen og omland: Olaug Kyte, styremedlem

## Kurs og konferansar

**Planlagde kurs og konferansar for tillitsvalde valde etter hovudavtalane.**

**Planlagde kurs og konferansar for tillitsvalde valde etter vedtektene.**

Grunna sjukdom og vanskar med å få instruktørar til desse kursa, har me ikkje greidd å gjennomføra desse i 2024, verken for tillitsvalde valde etter hovudavtalane eller vedtektene. I mars gjennomførte me styreseminar, og i november var 5 av våre medlemmer på GAT-opplæring i regi av NSF, arbeidsgjevar og Fagforbundet.

## Fagforeininga og bruk av organisatorisk frikjøp/ «spleiselag»

Som informert om i innleiinga har 2024 vore prega av at fleire har vore langtidssjukemeldte, og me har difor ikkje søkt om økonomiske midlar til organisatorisk frikjøp.



*Olav Kytte*

Fagforeiningsleiar

*Frode's Høle*

Nestleiar

*Lisbeton Dornes*

Opplæringsansvarleg

*Mehedi Khanam*

Kasserar

*Tone-k. Andreasen*

Skrivar

*Hilde Knapstad Treite*

Leiar yrkesseksjon  
helse og sosial

*Hage Steek*

Leiar yrkesseksjon kyrkje,  
kultur og oppvekst

Leiar yrkesseksjon  
samferdsel og teknisk

Leiar yrkesseksjon  
kontor og administrasjon

*Ingunn Ase*

Pensjonisttillitsvald

Ungdomstillitsvald

*Olav Kytte*

Fane 2-ansvarleg

Styremedlem

vara yrkesseksjon  
helse og sosial

*Tone Høvik Fosse*

vara yrkesseksjon kyrkje,  
kultur og oppvekst

vara yrkesseksjon  
samferdsel og teknisk

vara yrkesseksjon  
kontor og administrasjon

*Anne Berit Skår*

vara pensjonisttillitsvald

vara ungdomstillitsvald

# FAGFORBUNDET VOSS

## RESULTATRAPPORT PR 31.12.2024

	Pr 31.12.2024	Pr 31.12.2023	Endring
<b>INNETEKTER</b>			
Kontingent/inntekter	kr 955 033,62	kr 973 781,93	kr -18 748,31
Tilskot/refusjonar	kr 1 363,65	kr 39 366,75	kr -38 003,10
Renteinntekter	kr 29 758,00	kr 22 914,00	kr 6 844,00
Leigeinntekter	kr 163 326,00	kr 120 000,00	kr 43 326,00
Sal sekker	kr -	kr 280,00	kr -280,00
Ymse inntkter	kr 3 688,86	kr -	kr 3 688,86
<b>Sum inntekter</b>	<b>kr 1 153 170,13</b>	<b>kr 1 156 342,68</b>	<b>kr -3 172,55</b>
Kontingent til Samorg	kr -31 059,60	kr -42 199,30	kr -11 139,70
Kontingent til AOF	kr -1 020,00	kr -1 460,00	kr -440,00
<b>Totalt kontingentar</b>	<b>kr -32 079,60</b>	<b>kr -43 659,30</b>	<b>kr 11 579,70</b>
Styrehonorar	kr -59 772,00	kr -64 956,00	kr -5 184,00
Andre honorar	kr -37 347,00	kr -53 534,00	kr -16 187,00
Feriepengar	kr -4 668,38	kr -6 691,75	kr -2 023,37
Feriepengar, ikkje avsett førre år	kr -	kr -9 607,20	kr -9 607,20
Arbeidsgjevaravgift	kr -13 692,00	kr -18 061,70	kr -4 369,70
Arbeidsgjevaravgift av feriepengar	kr -658,23	kr -943,54	kr -285,31
<b>Sum godtgjersler</b>	<b>kr -116 137,61</b>	<b>kr -153 794,19</b>	<b>kr 37 656,58</b>
Avskrivning påkostning, leigd lokale	kr -31 109,00	kr -31 109,00	kr -
Straumavgift	kr -30 928,08	kr -46 860,32	kr 15 932,24
Husleige	kr -29 640,00	kr -29 640,00	kr -
Renovasjon, vatn, kloakk	kr -14 567,95	kr -8 254,00	kr -6 313,95
Inventar/EDB	kr -328,00	kr -13 047,00	kr -12 719,00
Vedlikehold lokale	kr -21 872,00	kr -15 833,00	kr 6 039,00
Studiearbeid	kr -45 386,00	kr -52 400,00	kr -7 014,00
Medlemspleie	kr -36 944,90	kr -81 233,00	kr -44 288,10
Reise/diett etter rekning	kr -16 055,08	kr -26 583,70	kr -10 528,62
